

INNHOLD

Innleiing

Foreldresamarbeid

Pedagogikken i SFO

Målsetting for SFO

Aktiviteter inne/ute

Oversikt over aktivitetar hausten 2014

Dagsrytme

Info

Innleiing

Årsplan skal synleggjere den praktiske organiseringa av dagen, samt gje informasjon om verksemdas innhald.

Tysdagar og fredager vil ofte bli brukt til tilrettelagde aktivitetar som for eksempel gymsalmore, forming og inne/uteleik då vi har lenger SFO desse dagane. På ettermiddagane elles legg vi opp til frivillige aktivitetar og leik, både inne og ute.

Det er høve til å ete frukost på SFO og vi har eit fellesmåltid når borna kjem frå skulen. Frukost må borna ta med sjølv, mens fellesmåltidet lager dei vaksne på SFO mot eigenbetaling. Ved oppstart av skoleåret 2013/2014 har SFO 14 barn.

Foreldresamarbeid

Skulefritidsordninga ynskjer å ha eit godt samarbeid med de som foreldre. Vi ynskjer å ha eit best mogeleg tilbod til brukarane. Kom gjerne med innspel om t.d. idear til aktivitetar, utflukter eller anna. Om de ønskjer ein meir formell samtale om korleis barnet har det på SFO, kan de ta kontakt med SFO-leiar.

Sidan me ikkje har dagleg kontakt med alle, er det svært viktig at begge partar nyttar telefonen eller meldingsboka, om det oppstår situasjonar der heim eller SFO bør få beskjed. Det er viktig at SFO får beskjed om når barnet skal gå heim, eller om det ikkje kjem på SFO i det heile.

Ved henting av barna, sjå innom og meld frå om at du hentar barnet til ein voksen på SFO. Om nokon andre enn vanleg skal henta barnet på SFO, så gje melding om det på førehand til skulen / SFO.

Fint om de kan hjelpe borna og halde orden i garderoben. Kler skal merkast. Sjå til at der er bytekle. Borna bør til ein kvar tid vere kledd etter veret, slik at dei til dagleg kan driva utandørs aktivitetar.

Pedagogikken i SFO

Borna skal møte det same verdisyn og grunnhaldningar i SFO som i skulen elles. Det daglege arbeidet ved SFO byggjer på fritidspedagogiske hovudprinsipp.

Vi legg vekt på å læra dei å ha respekt for kvarandre og for eigne og SFO sine ting. Den sosiale plan for Fusa skule skal gå i ein raud tråd til SFO.

Fritidsordningas daglege pedagogikk er tilrettelagd ved at borna skal oppleva SFO som ein god stad å vera, få delta på aktivitetar og muligheiter for frileik under tilsyn.

Målsetting for SFO

- Skape eit trygt og godt miljø for borna.
- Tilby allsidig leike og aktivitetstilbod.
- Primært styrt av borna, men med høve til å få nye erfaringar og opplevingar.
- Eit stimulerande og utviklande tilbod.
- Eit miljø kor borna opplever initiativ, sjølvstende, ansvar og kreativitet.
- SFO skal medverka til å gje born grunnleggjande sosial kompetanse.
- Borna får høve til sjølv å løyse opp i konflikhtar under rettleiing av vaksne.
- Borna skal kunne vidareutvikla evna til sjølvstende, og ta ansvar for eigne val.
- Eit omsorgstilbod.
- Ein trygg stad å vere etter ein lang skuledag.
- Eit førebyggjande og integrerande tilbod.

Aktiviteter inne / ute

Leike med leikene, spel, teikne, perle, klippe/lime, male, bygge med konstruksjonsleiker, spele fotball, disse ,klatre, hoppe svingtau, leike i skogen osv.

På mange av aktivitetane, får borna sjølv velja om dei vil vere med.

Born tilbringar fritida si på skulens område, og bør få høve til å velja leik og aktivitet.

Borna skal sei ifrå til ein av de vaksne på SFO at ho/ han går ut og leiker, og kor de oppheld seg. Dette er ein del av ansvarsleringa som born gjer samen med dei vaksne.

Oversikt over tilrettelagte aktivitetar i SFO hausten 2014

Bli kjende med SFO-lokalane, dei vaksne og SFO- borna.

Lekegrupper

Bakegruppe

Gymsal/uteaktiviteter

Formingsaktivitetar

Julebord på SFO den 19 november

Formingsaktivitetar jul

Dagsrytme

Måndag, onsdag, torsdag

Tidspunkt Innhald

07.30 – 08.30 Opning, frukost og fri leik

08.30 – 08.45 Friminutt

14.15 – 16.00 Samlingsstund med opprop, mat og fri leik

Tysdag og fredag

Tidspunkt Innhald

07.30– 08.30 Opning, frukost og fri leik

08.30– 08.45 Friminutt

13.30– 16.00 Samlingsstund med opprop, mat, grupper: bake/gymsal/forming og frileik

Info

På **torsdagar** kan borna ta med seg ein leike (ikkje dataspill eller leiker med høg lyd).

Måltid aug-des:

5 dagars veke: kr. 500,-

3 dagars veke: kr. 300,-

Det blir servert eit enkelt måltid når borna kjem på SFO som korn, skiver m pålegg, suppe, grøt, pasta, frukt, fisk m.m.

Om nokon ønskjer å reserve seg mot mat/ drikke på SFO, går det bra.

Tilsette i 2013/2014

Navn	Tittel	E-post	Mobiltlf
Linda Ann Lohne	SFO-leiar	Linda.ann.lohne@fusa.kommune.no	47160710
Grete Rødland	Barne og ung.d arbeider	Grete.rodland@fusa.kommune.no	47631463
Vigdis Nesbø	Assistent	Vigdis.nesbo@fusa.kommune.no	97754284

HAUSTFERIE, VINTERFERIE, FØRSTE OG SISTE VEKA I SOMMARFERIEN

Tilbodet i SFO følgjar skuleruta. I haustferien, vinterferien, første og siste veka i sommarferien vert det gitt tilbod om SFO for alle skulene i Fusa kommune ved Fusa oppvekstsenter. Det er eiga påmelding til dette som blir sendt ut i forkant av feriane. Det må betalast for tilbodet i tillegg til vanleg foreldrebetaling. Ein kan velja enkeltdager eller heil veke. Tilbodet er ope frå klokka 8.00 til 15.30.

Satsene i 2014 for ferietilbodet i SFO:

Betaling pr. veke kr. 1034,-

Betaling pr.dag kr. 322,-